



# Årsbudsjett 2023 Økonomiplan 2023-2026



# Budsjettforslag

- Byggjer på gjeldande økonomiplan, forslag til statsbudsjett og utviklinga elles



# Budsjettføresetnader

- Forslag til statsbudsjett
- Stord kommune, anslag vekst i frie inntekter på 5,5%. Skatt på inntekt og formue, og rammetilskot
- Pris- og lønsvekst for inneverande år er samtidig høgare enn det som er kompensert i rammene til kommunen
- Til neste år blir me kompensert med ein pris og lønsvekst på 3,7 prosent
- Handlingsrommet er redusert av prisveksten



# Budsjettføresetnader

- Anslag for skatt på inntekt og formue byggjer på skatteinngang i 2022 og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett
- Lokal vurdering av skatteanslag byggjer på at næringslivet går bra og ein forventning om fleire innbyggjarar - aukar inntekta ytterlegare - lagt til grunn eit skatteanslag på 92,9 % og auke tal innbyggjarar
- Løns- og prisvekst et opp auken
- KS sin prognosemodell er lagt til grunn for budsjettering av rammetilskot



# Budsjettføresetnader

- Havbruksfond 2,6 mill.kr, utdelingane for i år er ikkje kjent enno, vidareført budsjett for 2022
- Resurskrevjande brukarar - tenester 40,5 mill. kr uendra frå 2022
- Lønsavsetning i samsvar med statsbudsjettet og KS sine føresetnadar (ikkje ferdig oppdatert på budsjettidspunktet)
- Pensjon i samsvar med oppgåver frå KLP og SPK
- Uvisse knytt til straumprisar i 2023, lagt til grunn kostnadar som i 2.budsjettrevisjon



# Budsjettføresetnader

## Renter og finans

- Avkasting og utbytte:
  - Sunnhordland kraftlag AS 20 mill. kr
  - Stord kommunale utviklingselskap kr 0
  - Kraftsalsfondet 5,2 mill.kr. Dette er basert på risikorapport frå Odin forvaltning
- Finansutgifter i 2023 auka med 76,6 mill.kr frå 2022
- Budsjettrenta er utarbeidd av vår gjeldsforvaltar, Norne Securities, og er basert på marknadsrenter og Stord kommune sin gjeldsportefølje.



# Budsjettføresetnader


## Eigedomsskatt

- Rådmannen finn ikkje at det er rom for å redusera eigedomsskatten i budsjettet for 2023 og vidarefører satsane for 2022-budsjettet.
- Satsen for næring og tomt er 6,5 promille, og 3,6 promille for bustad- og fritidseigedomar.
- Botnfrådrag er foreslått uendra på 540 000 kr for bustad- og fritidseigedomar.



# Utvikling i befolkninga

Prognose vekst



Prognosen syner og stor endring i alderssamansettinga. Det vil seia at i Stord vil me ha om lag 1000 fleire innbyggjarar i aldersgruppa over 80 år og vesentleg færre skuleelevar og barnehagebarn i 2040.

- Folkeveksten i Stord har i det siste tiåret kome av fødselsoverskot og innvandring.
- Dei siste tala viser at fødselsoverskotet går ned.
- Det var også nedgang i innvandring
- Stord har siste år (juni 2021-juni 2022) hatt folkevekst på 0,8 prosent medan prognosane til SSB var 0,11 prosent. Folketalet i Stord har no bikka 19 000.
- Netto innvandring heng ofte saman med konjunkturane i næringslivet, og svingar difor frå år til år.





# Formannskapet, plan og miljø



# Sjukefråværsprosjekt

- PWC utarbeidde i 2020 ein økonomi- og effektiviseringsanalyse.
- Eit av tiltaka var sjukefråværsprosjekt. Dette har tidlegare ikkje vore aktuelt grunna pandemisituasjonen.
- Sjukefråværsprosjekt, eller nærværsprosjekt i 2023, forventa innsparing 3 mill. kr



# Straumutgifter

- Utgifter til straum i 2022, 37 mill.kr
- Uvisse m.o.t. straumprisar og utgifter til straum i 2023
- Enøk-gruppe med mål om å arbeida både med tiltak som kan gje mest mogleg energi for pengane og tiltak som reduserer energiforbruket
- Samla straumbudsjett i 2023, 29 mill.kr



# Kommuneplan

- Kommunen er i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Planprogram vart vedteke juni 2022, og etter framdriftsplanen skal ny arealdel leggjast fram for handsaming våren 2024
- Det er i budsjettet for 2023 sett av 3,2 mill.kr til overordna planarbeid. Midlane vil hovudsakleg bli nytta til kommuneplanen sin arealdel



# Plan og miljø

- Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor vert vidareført som 2022
- Det er sett av kr 120 000 til Folk i sentrum i 2023
- Klimabudsjett for 2023
- Det vert i 2023 kjøpt grøne sertifikat for straum slik at Stord kommune har null utslepp knytt til straumforbruket. Prisen for klimasertifikat er 3,7 øre per kWh, og vil utgjera 0,6 mill. kr
- 0,5 mill. kr til etablering av ladepunkt for el-bilar



STORD  
KOMMUNE



# Kyrkja

- Driftstilskot 9,6 mill. kr i 2023, inkludert kompensasjon for auke i straumkostnadar på 0,4 mill. kr og løns- og prisvekst
- Det er i planperioden lagt inn 11,3 mill. kr til rehabilitering av Stord kyrkje, basert på tilstandsrapport utarbeidd av kyrkjeleg fellesråd



# Folkevalde, politiske utval

- Utgifter til politisk arbeid vert vidareført på 2022-nivå
- Det er sett av 0,3 mill. kr til disposisjon for formannskapet, løyvinga inkluderer kr 100 000 til næringsføremål
- Det ligg inne driftstilskot til Invest in Sunnhordland
- Det ligg inne kostnadar knytt til val i 2023, ein valdag etter vedtak i kommunestyret
- Vekst i løyvinga til kontrollutvalet på 3,7 prosent. Ramma for kontrollutvalet vert 1,160 mill. kr i 2023



# Samfunnstryggleik og beredskap

- Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap
- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) og Lov om helsemessig og sosial beredskap
- Beredskapsplikta pålegg kommunane å arbeida *heilskapleg* og *systematisk* med samfunnstryggleik og beredskap, og understrekar kommunane si viktige rolle som *samordnar* og *pådrivar* i arbeidet med samfunnstryggleik





# Samfunnstryggleik og beredskap

- Stord og Fitjar sin overordna, heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse vart vedteken tidlegare i år
- Det skal mellom anna tena som grunnlag for revidering av overordna beredskapsplan - dette arbeidet er starta
- Ved revidering av beredskaps-planen må me og ta høgde for den situasjonen me står i med krig i Ukaina
- Det same gjeld gjennomgang av eigen organisasjon, mellom anna med fokus på oppgåver, ansvar og roller i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap



# IKT

- Våren 2022 vart den digitaliseringsstrategien for kommunen vedteke. Strategien gir retning for digitaliseringsarbeidet, sikrar samordning, prioritering og forankring. Totalt foreslår rådmannen ei investering knytt til prioriterte tiltak i digitaliseringsstrategien på 1,5 mill. kr i 2023
- I tillegg ligg prosjektet Vår digitale framtid vidareført med 4 mill.kr for skulesektoren



# Oppvekst og kultur



# Barnehage

- Det er venta å vera færre barnehagebarn i 2023 enn i 2022
- Overføringa til private barnehagar er redusert med 3,2 mill. kr, tilsvarande 32 småbarnsplassar
- Vil vurdera ny barnehage i Sagvåg ved revidering av kommunedelplan for barnehage



# Grunnskule og SFO

- 2534 elevar i grunnskulen frå hausten 2023, denne hausten er det 2546 i år, budsjettert etter lærarnorm
- Redusert driftsbudsjettet med 0,8 mill. kr, elevressursen er ikkje prisjustert
- Det er lagt inn ressursar til spesialundervisning etter kjende vedtak per 31.8.2022.
- SFO er foreslått å avvikla ordninga med å budsjettera etter sjølvkostprinsippet - kostnadane vert ikkje auka



# Investering

- Det er sett av 10,2 mill.kr til ombygging av gymsal til tre klasserom ved Langeland skule.
- Kostnader knytt til bygging av basketball hall/ ny gymnastikksal har stege vesentleg og estimert kostnad er no på 73 mill. kr, auken på 45 mill. kr, lagt inn i investeringsplanen i 2023
- Det er laga eit grov estimat for ombygging av Langeland skule til 3-parallell skule, samla sum på 100 mill.kr. Dette er ikkje lagt inn i økonomiplanen, men det er sett av 1,5 mill. kr til forprosjekt i 2023



# Investering

- Det er sett av 2 mill.kr i 2023 til eit forprosjekt ombygging Leirvik skule
- Det er sett av 0,2 mill.kr i 2023 til forstudie, vurdering rehabilitering av eksisterande basseng i kulturhuset opp mot nytt basseng/badeanlegg
- Det er sett av 37 mill.kr i 2023 til ulike tiltak for ombygging i kulturhuset som kan gjennomførast uavhengig av bassengløysing
- Det ligg inne løyving på 1,5 mill.kr til ny vassklike til basseng i kulturhuset, det ligg frå før inne med 1 mill.kr



# Eining for kultur

- Eining for kultur sitt budsjett er auka med 0,5 mill.kr grunna reduksjon i forventede inntekter til kulturskolen, kinoen og symjehallen
- Det ligg ikkje inne midlar til drift av Leirvikstova, aktivitetane her må frametter baserast på frivillig innsats
- Brukarbetalinga for elevar i kulturskolen er auka med 200 kr for individuelle timar, og 150 kr for gruppeundervisning per år





# Eining for førebyggjande tenester

- Eining for førebyggjande tenester sitt budsjett for 2023 er redusert med 0,5 mill.kr. I tillegg ligg det inne ei avvikling av Harri ungdomsklubb og ungdomsklubben på Litlabø frå hausten av, innsparing 0,4 mill.kr
- Nokre av tiltaka for ombygging i kulturhuset som kan gjennomførast uavhengig av bassengløysing er meint for Utekontakt, Bua og frivilligheits-sentralen
- Innsparing, leigeinntekter frå 2024



# Eining for førebyggjande tenester

- Samhandlingsprosjekt for å motverka einsemd og utanforskap. Målgruppe: Ungdom og unge vaksne som er i risiko. Prosjektet skal ha fokus på tilpassa og koordinert hjelp, og forpliktande samhandling mellom ulike tenester i kommunen
- Etablering av FACT-ung team saman med Fitjar og Bømlo kommune og BUP



# Barnevern

- Driftsbudsjettet for barnevernet er vidareført som i 2022, tiltaksbudsjett byggjer på kjende vedtak per august 2022
- Tiltak utanom heimen redusert med 1 mill. kr
- MST-CAN - tiltak for å styrka føresette sin omsorgskapasitet



# Vaksenopplæringa

- Vaksenopplæringa vert vidareført om lag som i 2022.
- Auke i forventta inntekt med 3,3 mill. kr  
0,8 mill. kr vert nytta til ei ny stilling



# Plan og utvikling



# Regulering, byggesak og oppmåling

- For RBO vert det i samband med budsjettet for 2023 utarbeidd nytt gebyrregulativ - meir i samsvar med krav i lov og forskrift knytt til dokumentasjon og prising av aktuelle sakstypar
- Dette medfører også at føreslått gebyrnivå ikkje er samanliknbart med tidlegare år. Generelt vert prisnivået auka då inntektene må aukast for å få tenesteområda byggjesak og oppmåling til å resultera i sjølvkost



# Regulering, byggesak og oppmåling

- Gebyra innanfor plansakshandsaming vert ikkje auka til sjølvkostnivå
- Budsjettramma for RBO er trekt ned med 2 mill. kr som fylgje av auka inntekter (gebyr) og reduserte utgifter i form av at to stillingar vert føreslått haldne vakante i 2023
- Digitalisering av byggesaksarkivet vart ikkje gjennomført i 2022, men vil bli gjennomført i 2023
- Oppmålingsbilen er føreslått bytta ut med ny, elektrisk varebil det ligg inne 0,42 mill.kr



# Eining for tekniske tenester

- Frå 01. mai 2022 vart Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom samla i ei eining, Eining for tekniske tenester.
- Mål med samanslåinga er å:
  - ✓ samordna tenester og styrka arbeidet med kvalitet, forvaltning og digitalisering
  - ✓ styrka fokus på personal- politikk og HMT
  - ✓ vera ei attraktiv lærebedrift og ta ei aktiv rolle for inkludering i arbeidslivet
  - ✓ ha fokus på kompetanseheving og utvikling, i eit større fagmiljø
  - ✓ utføra oppgåver i eigenregi, både praktisk arbeid og utgreiingar samtstyrka beredskap og redusert sårbarheit gjennom større fagmiljø





# Eining for tekniske tenester

- Eining for tekniske tenester sitt budsjett er redusert med 1,8 mill.kr. Dette betyr at eininga må prioritera stramt noko som særleg vil gå ut over vedlikehaldsoppgåver. Ei prosjektstilling på bygg vil og verta ståande vakant.



# Investeringar

- Rehabilitera brannstasjonen på Vabakkjen og tilrettelegga for dagkasertering og dekkhotell, det er sett av 16,1 mill.kr i 2023 og nær 5 mill.kr tidlegare
- Legg ansvar for bilordninga til brannvesenet
- Dagkasertering av brannstasjon Vabakkjen og avvikling Sagvåg brannstasjon vert gjennomført no i 2022
- Det er sett av 1 mill.kr til forprosjekt Rackethall i 2023
- 0,5 mill.kr til forprosjekt ny kollektivterminal
- Nær 50 mill. kr til Tømmerkai og veg til indistriområdet



# Rehabilitering, helse og omsorg



# Heimebaserte tenester

- Etterspørselen etter tenester har auka dei siste åra m.a. som følgje av få institusjonsplassar og fleire med omfattande hjelpebehov
- Heimebaserte tenester skal inkluderast i ny bilordning og vil på sikt få ei oppgåve færre som kan rettast mot tenesteutøving
- Budsjett på 2022 nivå



# Institusjonar

- Det er lagt inndrift av tre nye rom på Stord frå 1.4.2023 innsparing på 1,2 mill.kr. Det medfører samstundes ein risiko dersom presset på institusjonsplassar held fram
- Driftsbudsjettet for Stord sjukeheim og Knutsaåsen er elles vidareført på 2022 nivå
- Må driva innleige for å handtera kompleksitet/ pleietyngde, finn ikkje rom for å styrka budsjett med fast auke i bemanning
- Det er lagt inn 0,2 mill.kr til forstudie nye institusjonsplassar



# Eining for aktivitet og rehabilitering

- Budsjettet i hovudsak vidareført på 2022 nivå
- Ressursauke til fysioterapi, dette vert finansiert ved å innføra eigendel på tenesta.
- Montering av tryggleiksalarmar sjølv, vert mindre sårbare og aukar kvaliteten, tilført 0,35 mill. kr



# Eining for habilitering

- Det er sett av 60 mill. kr til nytt bufellesskap på Heiane med foreslått byggestart 2023 og oppstart drift til 2025
- Investeringsstilskotet foreslått fjerna i statsbudsjettet, vil medføra ein auka kostnad på vel 10 mill. kr, dersom investeringstilskotet vert vedteke fjerna, må ha ein gjennomgang av økonomien i prosjektet
- Større, nye vedtak per 31.8. er lagt inn, kostnad 6,2 mill. kr
- Innsparing på 3,1 mill.kr som dels vert knytt til reduserte lønskostnader ved oppretting av vikarstab i eininga



# Tildelingskontoret

- Budsjettet for bemanning av kontoret er vidareført som i år
- Brukarsyrt personleg assistanse(BPA) er styrka med kjente vedtak per 31.8. - kostnad 1 mill.kr
- Det er budsjettert med 75 mill. kr i startlån i 2023
- Budsjett for utskrivingsklare pasientar i spesialisthelsetenesta er vidareført som i 2022





# Legetenesta

- Opphøveleg budsjett på 23,4 mill. kr etter revidert budsjett 2. tertial, samla årsbudsjett for legetenesta auka til 30,9 mill.kr i 2022.
- I forslag til budsjett for 2023 er det lagt inn 25,8 mill.kr.
- Føresetnadane for 2023 er endra med færre ledige fastlegelister som kommunen må setja inn vikar i. Det er samstundes ein risiko dersom vikarbehovet vert på nivå med 2022.
- Det er ingen ledige plassar på fastlegelistene i kommunen i dag og det er personar på venteliste. Til liks med situasjonen elles i landet, så er rekrutteringssituasjonen vanskeleg.



# Sunnhordland interkommunale legevakt (SIL)

- SIL-budsjettet er foreslått auka med 1,7 mill. kr fordelt etter fordelingsnøkkel mellom eigarkommunane



# Eining for psykisk helse og rus

- Budsjettet redusert med 4 mill. kr grunna avvikling av omsorgsteam
- Finn ikkje rom for å oppretta døgntilbod for personar med ROP-liding i Åkervikåsen, men vurderer tiltak med tettare oppfølging
- Vil retta tenestene mot meir tidleg innsats, lågterskel og førebygging



# Velferdsteknologi

- Rådmannen ser behov for å sikra ressursane knytt til arbeidet med å ta i bruk meir velferdsteknologi i tenestene, byggja kompetanse hos dei tilsette, implementera og følgja ulike løysingar.
- I økonomiplanen ligg det inne 0,94 mill. kr til velferdsteknologi per år. I tillegg vert ressurs for koordinering og implementering auka med 0,5 mill. kr i 2023.



# NAV

- Styrka introduksjonsprogrammet og sakshandsamingskapasitet på økonomiske sosialhjelp, grunna flyktninge situasjonen og generell auke i etterspurnad
- IPS - ordninga med individuell jobbstøtte vert vidareført etter prosjektperioden



# Mottak og busetting av flyktningar

- Det er til no i år busett 77 flyktningar i Stord, og mottatt konkret anmodning om 33 fleire
- Det vil truleg komma fleire flyktningar enn i eit normalår også i 2023
- Har lagt inn busetting av 100 flyktningar i 2023
- Stord er vertskommune for to mottak med 40 einslege mindreårige og 130 plassar til familiar og vaksne
- Mangfaldig befolkning i Stord kommune  
Dette må planar og tiltak ta høgde for



# Økonomiplan 2023-2026



# Økonomiplan 2023-2026

- Investeringsvolumet i kommunen har vore stort
- Auka lånegjeld gjer at både rentekostnader og avdrag stig
- Kommunen vil ta opp vel 380 mill. kr i lån kvart år dei neste fire åra. Om lag 280 mill. kr er knytt til sjølvkostområda til kommunen
- Det skjer ei stor auke i avdrag i 2023 når ein tek i bruk Nysæter ungdomsskule og ein del andre nye investeringar





# Økonomiplan 2023-2026

- Rente- og avdragsbelastninga vil i 2023 auka med 76,6 mill. kr og vil i perioden fram til 2026 auka med ytterlegare 21,4 mill.kr. I snitt vil kommunen betala om lag 98 mill.kr i avdrag årleg.
- Det er i økonomiplanperioden lagt til grunn moderat vekst i frie inntekter (skatt og rammetilskot) samla på 1,5 prosent årleg.



# Økonomiplan 2023-2026

Økonomiplan 2023-2026				
	2023	2024	2025	2026
Driftsinntekter	-1858	-1892	-1907	-1927
Driftsutgifter	1705	1696	1707	1717
Brutto driftsresultat	-153	-196	-200	-210
Netto finansutgifter	157	189	196	194
Netto driftsresultat	4	-7	-4	-16
Mindreforbruk	0	-10	-7	-19

I slutten av økonomiplanperioden vil kommunen si gjeld vera nærare 4,1 mrd.

Budsjettet er svært sensitivt for renteendringar.

